



## Statens vegvesen

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 19/268334-2 19/1852 21.10.2019

### Uttale til dispensasjonssøknad – oppføring av hytte gnr. 27 bnr 34 Moldekleiv Meland kommune

Vi syner til søknad om dispensasjon frå LNF-føremål, oversendt på uttale frå Meland kommune den 23.09.2019. Saka gjeld ønske om oppføring av fritidsbustad i LNF-føremål på eigedom gnr. 27 bnr. 34 ved Moldekleiv i Meland kommune.

#### Planstatus og tilkomst til eigedomen

Eigedomen er uregulert og ligg i LNF-område i kommuneplanens arealdel. Den vart frådelt i 1943. Tilkomst er frå fv. 5310 Ådlandsvegen (tidlegare fv. 245) via privat veg Nordsundet. Gjeldande kommuneplan avgrensar høvet til utbygging med adkomst via Ådlandsvegen, jf. § 1.5.6, før trafikksikringstiltak er iverksett.

Ådlandsvegen har haldningsklasse 3 på denne strekninga, som normalt betyr at vi gir løyve til utvida bruk dersom avkjørsla tilfredsstillar gjeldande krav til utforming.

Ådlandsvegen og kryss med Nordsundet er regulert i *Reguleringsplan Fv245 frå Hatleberget til Skarpeneset*, planID 1256\_20070004, men dette veganlegget har ikkje vorte bygd. Vegen vert føreslått omregulert i framlegg til reguleringplan *Detaljregulering for fv. 245 Fosse-Moldekleiv*, planID 1256\_20160012.

#### Vår vurdering

Det er ikkje ønskjeleg med tiltak som auker trafikken på fv. 5310 Ådlandsvegen før fylkesvegen og kryss mellom Ådlandsvegen og fv. 564 er utbetra, jf. KPA §1.5.6.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Vidare tilfredsstillar ikkje dagens kryss til Nordsundet gjeldande krav til utforming. Det kan difor ikkje påreknast løyve til utvida bruk av avkjørsla. Vi vurderar at avkjørsla må vere opparbeid i samsvar med reguleringsplan før det vert gitt løyve til utvida bruk.

På bakgrunn av dette vil Statens vegvesen rå ifrå at kommunen gir dispensasjon frå LNF-føremål for eigedomen, slik situasjonen er i dag.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*